

Søklar:	Sogn og Fjordane Ungdomslag og Norske kulturbygg	Tiltak:	Huset i bygda
Innhald:	<p><i>Tiltaket:</i></p> <p>Søklar ynskjer å løfte fram og styrkje dei organisasjonseigde kulturbygga i Sogn og Fjordane. Husa skal bli styrkja som sosial møtestad, som arena for utøving og som kulturminne.</p> <p>Gjennom kartleggingar, kompetansehevande tiltak retta mot eigarane og gjennom ulike informasjonstiltak vil søklar auke fokuset på, bruken av og kvaliteten på eksisterande kulturbygg.</p> <p>Prosjektet hadde sitt fyrste driftsår i 2010.</p> <p><i>Målgruppa</i></p> <p>Målgruppa for prosjektet er huseigarar for alle organisasjonseigde kulturbygg, som ungdomshus, grendehus, bygdehus og samfunnshus, i Sogn og Fjordane.</p> <p><i>Måla med, og resultatet av prosjektet</i></p> <p>Hovudmål: Utvikle dei organisasjonseigde kulturbygga til å verte kulturelle fyrstårn i lokalsamfunnet for å skape kreativitet, glede og bulyst.</p> <p>Delmål: Systematiske arbeidsmetodar for huseigar. Lokale kurs og rettleiing av huseigarar. Kulturhuskonferansen og regionale huskurs. Bygdemøte for huset. Synleggjering av husa og politisk påverknad. Dokumentasjonsarbeid.</p> <p>Søklar budsjetterer med kr. 200 000.- i fylkeskommunale kulturutviklingsmidlar fordelt over dei 2 prosjektåra. Dette utgjer 17 % av totalkostnadane.</p>		
Budsjett:	I alt kr. 1 160 000,-	Søknadssum KR D:	Kr 300 000,- (fordelt på to år)
Vurdering:	<p>Kultur- og samfunnshusa i bygder og tettstadar er pilaren som møtearena i samfunnet. Huset i Bygda set fokus på desse og søkjer og finna nye løysingar for og tilpassa husa til dagens krav med omsyn til universell utforming, kvalitet innan sanitet og tekniske løysingar som lyd og lys. Ein oversikt over kva behov alle våre samfunnshus har for oppgradering er viktig og kan etter fylkeskommunen sitt syn vera ein pilot for eit nasjonalt prosjekt med same mål. Våre samfunnshus er særst viktig for livskvalitet, stadsutvikling og omdøme. Me ser på samfunnshusa som ein føresetnad for tilflytting og etablering.</p> <p>Det er å merke seg at prosjektet no er i sitt andre driftsår.</p>		
Konklusjon med tilråding:	<p>Kulturbygg utgjer ein sentral del av kvaliteten i alle samfunn. Dette tiltaket set fokus på dei organisasjonseigde bygga og tilrettelegging av desse til attraktive møtestadar og arenaer i dag. Dette utviklar stadane sin attraktivitet og har ein overføringsverdi til andre.</p> <p>Fylkeskommunen vurderer dette prosjektet som aktuelt for BULYST- ordninga.</p>		